

Nr 1 – 2025

Møta nye venner – Sökja Gud – Få del i oppdraget

møte:plassen



Nytt håp!

Intervju med
Torstein Tunheim
s. 4 - 8

Ungdom i Oppdrag
Per Undheim
s. 10 - 11

Saman i
kyrkjelyden
s. 13

GOD PÅSKE

Tankar i tida

For 150 år sidan, skreiv E.Blix den kjente salmen "No livnar det i lundar". Det er ei strofe derifrå som kjem til meg kvar vår, og det er "...og etter som eit under,nytt liv av daude gror."

Når eg tek på meg turskoa og labbar ut i skogen på denne tida av året,så kan eg kjenne at våren er i emjing. Eg kjenner lukta av den blaute skogbotnen, høyrer vatnet som sildrar i bekken og eg kan høre lerka som syng med sine umiskjennelige glade triller høgt i mot sky. Eg slutter aldri med å bli fascinert av at det spirer fram små lysegrønne skudd ifrå brune nakne kvister.

Det ER verkeleg eit under og det er eit teikn på nytt håp. Sjølv om me lever i ei opprørt tid og me kan kjenne på ei uro,så har me eit håp om at ting skal bli betre.

Påsken er like om hjørnet og då får me høre om alt det som Jesus måtte lida og at han måtte dø for at me skulle gå fri, men likevel så er håpet til stades. Eit håp om at han skal stå opp igjen og at han LEVER her i dag. Det kan vera godt å kjenne på at me kan få trøyst hjå han når me opplever tøffe ting i livet vårt.

I ein sang av River valley worship syng dei "Hope has a name his name is JESUS."

Og med dette håper eg at akkurat DU får ei velsigna påskehøgtid og ein vår fylt av NYTT HÅP."

møte.plassen

1 - 2025

20. årgang

UTGJEVAR:
Undheim sokneråd

REDAKSJONEN:
Siv H. Undheim - redaktør
Håkon Rettedal Losvik
Laila Undheim
Hanne Brit Sandmark

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.undheimkyrkja.no
www.timekyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne

OPPLAG: 600 eks.

UNDHEIM SOKNERÅD:
Kontonr. 3290.57.20723
Givarkonto: 3325.21.55657



Min song

Lyset av Tønes * 2012

Når eg treffe folk
Så ikkje bryr seg om kå så e forventa
Å når eg treffe folk
Som kan visa meg nåe aen en de
dei som skrige høgast seie e sant
Då ser eg lyse
Lyse i mørke

Dei kan sedda to strega onna svare
kem som vil for meg
eg sedde ikkje ein engong
Eg he sitt de goa komma regans ifrå
fleire høyst uventa hold
Å vise meg lyse
Lyse i mørke

Å kalde fingra får lyst å ta tag igjen
Klamra seg fast og hjelpa te
Å finna veien
Finna veien

Når eg treffe folk så ikkje he bestemt
seg på forhand
Når eg treffe folk som ikkje trampe
så hart i golve
Då kan eg gjerna snu meg
Å sjå lyse
Lyse å mørke

Våkne opp og ser ut av vindue
På nye spor i grusen
Buskane strekke ut greinene sine
Og sedde nye skudd i hutt og pine
Å vise meg lyse
Lyse i mørke

Kalde fingra får lyst å ta tag igjen
Klamra seg fast og hjelpa te
Å finna veien
Finna veien



*Lyset, hvem søker ikke det?
Denne sangen av Tønes har gitt meg et
glimt av lyset,
igjen og igjen.
Den kommer til meg. Og jeg trenger
den.
Den tramper ikke.
Stille slipper den håpet inn.*

Synnøve M. Gauksås

Ein mann av fellesskapet

– Me leitar alle etter å verta eit godt menneske.

Tekst og foto: Siv H. Undheim

Torstein Tunheim sit i stova i leilegheita på Bryne. Her har han og kona Aaslaug utsikt til eit flott grøntområde rett utanfor stovevindauga.


– Her trivst me godt, seier Torstein og smiler.

– Det var ein prosess, men då me først flytte hit, så var det veldig godt. Her har me alt me treng i nærleiken, og det er aktivitetar å gå på og engasjere oss i for begge to, held han fram.

Rike barneår

Torstein er fødd på Tunheim i 1930. Her vaks han opp med mor, far og ei yngre syster. I huset budde også besteforeldre og ein onkel. Det var trøngt om plassen, men han minnest barndomen med glede.

– Eg ser for meg det me fekk med oss i barneåra. Det er ein rikdom. Trass i travle, lange dagar så gjekk dei vaksne på besøk til kvarandre. Dei hjelpte einannan både helsemessig og økonomisk, det var eit naboskap og ein tryggleik som set i meg den dag i dag. Dei



delte med kvarandre det little dei hadde, for ofte var det trønge tider. Me har tapt noko i samfunnet på dette området, seier han.

– I tillegg tenker eg på sundagsskulen, Yngres, Barellosjen, Frilyndt ungdomslag, og Bygdeungdomslaget, møteplassar me hadde i bygda som barn og ungdom, og eg er så takksam! Verdien av eit fellesskap, den er meir verdt enn pengar og gull!

– Alt er større enn du sjølv.

Torstein tek ein pause. Tenker litt.

– Til dei vaksne som er med og legg til rette for gode aktivitetar for barn og unge i dag vil eg seie: Det er så viktig! Å engasjere seg i lag og organisasjonar og lage arenaar for møtestader og fellesskap førar til gode lokalmiljø, og gir meinings til den oppveksande slekt både no og seinare i liva deira.

Organisasjonsmannen


Torstein veit kva han snakkar om. Han har vore engasjert i lag og organisasjonar heile sitt 95-årige liv, og brukta

tallause timar på frivillig arbeid.

- Alt er større enn du sjølv.

Torstein har på forskjellig vis bidrøge i fleirfaldige lag og organisasjonar, både på lokalt, kommunalt, fylkes og landsnivå. Han har også vore guide på Garborgheimen og Knutaheio, og vert for både biskop og den kongelege stab då dei besøkte Undheim. Mange har nok dessutan sett og høyrt Torstein som Arne Garborg, som han har formidla på ein framifrå måte.

- Eg sit att med ei stoltheit over kva eg har fått vore med på å utrette, smiler han.



Kongens fortjenestemedalje

Torstein har motteke prisar for engasementet sitt, både Time kommune sin kulturpris, Norges Vel sin pris for stort ungdoms-arbeid, og ikkje minst Kongens fortjenestemedalje for sin omfattande innsats i frivillig arbeid.

- Må me ta med dette med prisane, spør han.

- Eg vil jo ikkje skryte av meg sjølv.


Kverneland fabrikk

Aaslaug og Torstein gifta seg i 1952 og busette seg på Kverneland.

Torstein var fjosmeister og gardsstyrar på garden som høyrt til Kverneland fabrikk, og Aaslaug styrte internatet som mange av arbeidsfolka budde på. Garden var på den tida ein av dei største leverandørane til Jæren Meieri.

- Eg lærte mykje på fabrikken. Eg trur at alle arbeidsfolka og miljøet som var der gjorde at eg fekk eit litt vidare syn på landbruket.

Torstein fortel at mange ungdommar kom til Kverneland frå blant anna Dalane og Ryfylke for å få arbeid. 17-18 åringer som ville bli



Hyllest til Torstein frå bondelag, bondekvinnelag og bygdeungdomslag

smedar og sveisarar. Dei budde på hybel på internatet som Aaslaug styrte, og fekk full matbevertning og stell. Mange var flinke og villige til å arbeide, og fleire kom frå gardar og likte seg derfor godt i gardsarbeidet i lag med Torstein.

- Dei ivrigaste sat på fjostrappa og venta på meg i sekstida om morgonen i helgene, då ville dei vere med i fjoset, smiler Torstein.

Dei unge som kom ville skape ei framtid og eit levebrød, og få seg ein trygg arbeidsplass. Dette var leiinga bevisste på. Det vart eit sterkt samhald på fabrikken mellom leiinga og tilsette.

- Smedane og tilsette på fabrikken fylgte med og var interesserte i gardsdrifta. Eg lærte mykje av å vere ein del av dette fellesskapet. Det var ei god og interessant tid for oss, seier Torstein.

Utfordrande og givande yrke

Sjølv lærte han av dyktige bønder som ville dele kunnskapen sin.

- Eg fekk både tillit og lærdom av etablerte bønder, og dette gav meg interesse for næringa. Dei gav meg trua på arbeidet, og på at det var eit utfordrande og givande yrke. Eg fekk lyst til å vise at eg også kunne få det til, smiler han.

Dei flytte heim til Tunheim og overtok garden i 1964. Her bygde og budde dei, etter kvart saman med tre døtrer.

- Eg likte godt å vere bonde, det var eit mangfaldig yrke med både gleder og utfordringar.

Interessa for husdyr og gardsarbeid var, og er, stor. På garden hadde dei både kyr, griser og sauер. Torstein deltok i arbeidet med kvalitetshaving i landbruket på fleire vis, mellom anna med å utvikle

Sauekontrollen og Effektivitetskontrollen.

- Aktørar i næringa gav meg tillit, og eg tok oppgåvene som kom min veg. Eg syntest det var viktig å ha eit fagleg fellesskap som bidrog til å dra næringa i riktig veg, og det var rikt å få vere ein del av det fellesskapet, seier Torstein.

Aaslaug og han dreiv garden i 24 år.

Dei mjuke verdiane har vore som hjarteslag gjennom livet. Ei pulsåre.

Tek kvar og ein sin vesle stein...

Han meiner at all lag- og organisasjonsarbeidet har forma han som person, og gjort at han har fått eit meiningsfylt liv.

- Dei mange utfordringane eg har fått og teke på meg, har gitt meg mange gleder! Det ein haustar i slikt arbeid er større enn det du gir. Å få vere med og bidra med mitt til eit slikt fellesskap og saman med andre få arbeide mot noko som er så mykje større enn ein sjølv, det er verkeleg givande.

Han synest det er gildt å sjå at organisasjonsarbeidet framleis blomstrar på Undheim, og at dugnadsanda er stor.

- Det er viktig for å skape samhald og eit godt nærmiljø, både for unge og vaksne.

Dei mjuke verdiane har vore som hjarteslag gjennom livet. Ei pulsåre.

Han har alltid lagt vekt på gode relasjonar og å ha god kontakt med dei han har rundt seg.

- Å vere eit medmenneske, å hjelpa kvarandre, det er ein rikdom som aldri mistar sin verdi. Å kunne gje av seg sjølv og gle andre med det ein bidreg med, det får ein mykje igjen for. Ein må prøve å ikkje grave seg ned i negative tankar, for det kan vere nok av bekymringar, men me må prøve å sjå og oppmuntre kvarandre, og bera fram noko opplyftande.



95-åringen held fram:

– Når eg er saman med andre og kjenner på gode venskap, då kjenner eg på ei takksemrd over livet. Når du tek fram det beste i deg sjølv og gir til andre, eller du får det av nokon, så spirar tryggleik, ro og takksemrd. Dette kan me så få gje vidare til andre medmenneske.

...er snart vår åker rein

Han vil seie som Karen på Håklepp på 100-årsdagen: «Då me henta stein, såg me ikkje framover, men bakover, på kor fint det hadde vorte.»

– Om ein er positivt innstilt så får ein mykje gratis. Og om ein gir av seg sjølv og si tid, så får ein så utruleg mykje igjen, oppfordrar Torstein.

Han har hatt både vanskelege stundar og utfordrande tider i livet, men fortel at han har fått god omsorg og oppbakning frå familie og nære venner, samt eit godt helsevesen, då behova var der.

– Så er eg ein grublar, og kan vere usikker på meg sjølv, og om eg har vore eit godt nok medmenneske, seier han ærleg.

Kveldsro

Etter at dei flytte til Bryne har han engasjert seg i foreningsliv der, og er blant anna med i eit kor med fleire andre eldre karar, som heiter «Songlerkene». Dei opptrer mellom anna på sjukeheimar og bufelleskap.

– Når me syng «Han tek ikkje glansen av livet» av

Trygve Bjerkreim, så stråler det av både oss og dei som høyrer på, smiler Torstein, som sjølvsagt også siterer Arne Garborg: «I kjærleik varm og mild, me legg vår vilje til, då veks det fram» (Gud signe Noregs land).

– Så vil eg gjerne avslutte intervjuet med «Min julesong» av Tobias Skretting. Den har fylgt meg, og eg tenker på den ofte. Siste verset er slik:

**«Når kvelden mørknar etter jordlivs dagar,
skal stjerna stå i ro over
mi seng,
og syna leia fram til
fredens hagar,
der eg vert boren inn på
engleveng.»**

Torstein smiler igjen. Seier med si rolege røyst:

– Eg kjenner på takksemrd og fred.



Dåpsbarn



Om jeg er liten eller stor
så er det best for meg på jord
å høre Jesus til, å gå den vei han vil.
Det er det som gjør meg lykkelig



Jens Jørgensen,
døypt 2. feb.




Karina Taksdal,
døypt 16. feb.



Marius Askø Arrestad,
døypt 16. feb.



Hennie Byrknes Haver,
døypt 16. feb.



Mateo Haugvaldstad,
døypt 16. feb.



Om jeg er jente eller gutt
så er det best for meg til slutt
å høre Jesus til, å gå den vei han vil.
Det er det som gjør meg lykkelig.



Nytt frå soknerådet

Tekst: Håkon Rettedal Losvik

Det våres ute og påsken er på veg! Me kan bokstaveleg tala kjenne lukta av at bakken varmast, bøndene er i gang med vårvinna, og me kan høre at fuglelivet tar seg opp. For å sitere Elias Blix: Det er vel fagre stunder, når våren kjem her nord, og atter som eit under, nytt liv av daude gror.

Det veks og gror i kyrkja og. Seks dåp har me hatt frå nyttår til påske. Det er jamnt aktivitet på huset, kor det er samlingar for dei fleste aldrar. No når me har tatt opp att Pizzakveldane er det og ein møteplass for dei i småbarnsfasen, noko som kanskje har mangla. Folk kjem med idear til ting me kan gjere, og det er supert! Me skal ha låg terskel for å prøve ut ulike ting, og sett stor pris på at folk engasjerer seg.

Eit par av tinga me har lyst å få til er å etablere eit lovsongsteam og å få fleire folk i smågrupper/huskyrkjer.

Eit stikkord for dette semesteret er **saman**. Me er saman på gudstenester, møter og ulike mindre fellesskap. Me er skapte for å vere saman, og det er flott at kyrkja kan vere ein arena å møte folk i. Om du saknar eit mindre fellesskap vil me oppmunstre til å gjere noko med det.

Fleire av huskyrkjene er opne for å ta inn fleire. Ta kontakt direkte om du kjenner nokon, eller på melding, mail eller via QR-koden du finn på s. 13 i bladet.

Soknerådet møtast til ei strategisamling i månadsskiftet april/mai. Me skal freista å sjå på kyrkjelyden med friske øye, tenkje litt stort og langsiktig, og stake ut kurset for dei neste åra. Har du innspel til denne samlinga kan du ta kontakt med Håkon, Nadine eller Hanne Brit.

God påske!

Støtte til Ungdom i Oppdrag (UiO)

I 2024 avslutta soknerådet samarbeidet med Terry English og Josiah Venture i Tsjekkia. Terry gjekk ut av organisasjonen og over i anna verksemd, og det vart naturleg å setje stopp.

Me blei tipsa om at det er to unge karar frå Undheim som er aktive i Ungdom i Oppdrag. Me har derfor velt å støtte dei i 2025. Takkofferet 27.april skal gå til det. Dei treng støtte til reise og livsopphald, og lever på gåver frå venner og familie. Me vil også oppfordre folk til å sjå om dei kan gje ei enkelt gave eller eit fast månadleg beløp.

Me har bedt dei om å fortelje litt om seg sjølv og arbeidet dei held på med gjennom UiO. På dei neste sidene får du møta **Per Undheim**, og i neste nummer av Møteplassen får me høre frå **Helge Gullestad**.

Ungdom i Oppdrag: den norske avdelingen til den internasjonale organisasjonen Youth With a Mission. Driver tolv sentre i Norge. Organisasjonen driver misjonsarbeid over hele verden, har en rekke sentere og flere tusen medarbeidere. Les mer på www.ywam.no

Ungdom i Oppdrag

Per Undheim

Jeg heter Per Undheim, og er oppvokst på Undheim i en fantastisk fin familie. Jeg vokste opp i ei kirke på Forus hvor min mor tok oss med. Jeg har alltid definert meg som kristen, men i ungdomstida var fotballen viktigere enn den personlige relasjonen til Gud. Dette var en krevende tid hvor jeg strevde etter anerkjennelse gjennom prestasjoner og relasjoner som ikke nødvendigvis ledet meg nærmere Gud. Vendepunktet kom i 2020. Alt jeg tidligere hadde bygget mitt liv på var plutselig borte.

En ankeloperasjon gjorde at jeg ble sykemeldt i tre måneder. Underveis kom koronarestriksjoner som fjernet det meste av det som hadde vært. Jeg kunne ikke spille fotball, jeg kunne ikke jobbe, jeg kunne ikke bruke tid med venner. Men det jeg oppdaget var at når alt på denne jord blir tatt bort så er Gud den samme.

I denne perioden fant jeg ut hva det vil si å leve livet mitt for Han, gjennom åpenbaringen om at bare Gud kan bære vekten av livet her på jorden. Jeg fant mer og mer av Gud og livet med Han gjennom bibel og bønn.

Når fant du ut at du ville arbeide med misjon?

Jeg var tømrerlærling hos P.Undheim i tiden jeg kom nærmere Jesus, og etter fullført læretid var planen å reise i forsvaret. Men innkallelsen ble senere enn ønsket, det ble ni måneder fra fullført fagbrev til innkallingen. Jeg visste ikke hva jeg skulle gjøre i mellomtiden, men da

følte jeg Gud åpnet døren for en DTS (dissipel-treningsskole gjennom UiO). Da jeg ankom skolen trodde jeg Gud skulle vise meg konkret hva jeg var kalt til i livet, sånn ble det ikke helt. Men Gud viste meg viktigheten av fellesskap, samt gleden av å følge Gud i alt Han har for livet vårt.

Jeg fikk én konkret opplevelse litt uti skolen. Vi så en film om misjonærer som reiste til steder som enda ikke har hørt om Jesus og evangeliet. De sa en setning. "Vi ønsker å gå for den ene". Etter filmen var det mulig å få forbønn. Jeg gikk frem. Da begynte jeg å grine ukontrollerbart. Jeg opplevde på mange måter at Gud knuste hjertet mitt for de som ikke har hørt, eller kommer til å høre om Jesus med mindre noen reiser til dem. I det øyeblikket sa jeg til Gud at jeg er villig til å gå hvor som helst og når som helst for Hans navn og rike.

Hvorfor UiO?

Det å være en del av UIO var aldri min plan, og det er heller ikke endemålet. Men jeg opplever at UIO er en fantastisk bra plass å være for utvikling. Finne ut mer om hvem Gud er og relasjonen med Han, hvem jeg er, samt hvorfor jeg er som jeg er i refleksjon av Guds karakter og plan. Å lære å stole på Gud, å leve i ett felleskap som aktivt jager etter mer av Han. Det er en velsignelse å ha andre rundt seg som har vært ute i misjon og kan veilede og formidle visdom de har. Å være i UIO gir også masse muligheter for nytenkning og egne ideer.

Hva er motivasjonen din?

Motivasjonen går dypere enn det verden bringer. Motivasjonen er å få Jesus tilbake og legge ned mitt liv for at Hans rike skal komme på jorden. Jeg opplever kanskje at min plass i det er å formidle evangeliet til dem som enda ikke har hørt. For hvis ikke jeg går, hvem vil? At jeg i det hele kjenner på den overbevisningen virker mer som Guds hjertes lengsel, enn min gode ide.

Hvordan ser en typisk uke ut?

For tiden jobber jeg som vaktmester på basen til UiO på Grimerud, i nærheten av Hamar. En uke består av felles lovsang mandag morgen og felles bønn torsdager. Ellers er det renoveringsprosjekt eller generelt vedlikehold som er min arbeidsoppgave. Vanligvis er det jobb fra 08.00-16.00. Det er middag på basen klokken 17.00, før jeg ofte har fotballtreninger på et lokalt lag her i området.

Jeg har vært her litt over ett år og tjent basen praktisk, samt fått oppfølging mot misjon og bygget relasjoner med folk. I tillegg har jeg vært på noen utenlandsturer for å lære og oppleve kulturer og folk.

Hva er det kjekkeste?

Det er to ting: Det ene er å leve i et felleskap hvor Gud er fokuset i alt vi gjør. Det andre er det praktiske aspektet som jeg liker veldig godt, men som også fører til at enda flere kan fokusere på å finne mer av Gud, bli klar og utrustet for alt som Gud har for dem.

Grimerud gård. Foto: UiO

Hva er mest utfordrende?

Det mest utfordrende består nok av pengeaspektet til UiO. Jeg er nødt til å stole på at Gud forsørger, at han tar vare på meg gjennom at folk ønsker å investere i arbeidet Gud gjør gjennom mitt liv. I tillegg kan det til tider være utfordrende å leve så radikalt forskjellig fra familie og venner hjemme.

Hvor lenge vil du være i UiO?

Som nevnt tidligere er ikke UiO endemålet, men kanskje et verktøy som jeg opplever at Gud bruker for å utruste og forberede meg. Foreløpig er jeg innstilt på å være her til sommeren 2027. Forhåpentligvis er da døren og tiden åpen for at jeg kan reise ut som misjonær.

Etter sommeren skal jeg starte på toårig misjonsforberedende skole gjennom UIO, med fokus på bibelen, kommunikasjon og verdensbilde. Hvordan forstå og formidle bibelen til en annen kultur med et annet verdensbilde enn vi har?

Hvordan kan vi som menighet være med i arbeidet?

Jeg har to store konkrete behov jeg ville satt stor pris på om menigheten på Undheim var en del av. Det ene er bønn. Jeg merker at å ha bønnedekning er veldig viktig i arbeidet jeg står i og går mot. Det andre er økonomisk støtte. Jeg tror Gud konkret kaller meg til det jeg går mot, med de beste nyhetene som finnes, og jeg tror at Han vil forsørge behovene det medbringer.

Pizzakveld i kyrkjekjellaren



Tiril Bjørkmo, Olava Tveiten, Rakel Undheim og Maria Mellemstrand kosar seg på pizzakveld

Tekst og foto: Siv H. Undheim

Den 7. februar blei det arrangert
Pizzakveld i kyrkjekjellaren igjen. Det er
nokre år sidan sist.

Diakon Praxedes Slettebø har ivra for å
få gang på arrangementet igjen, og
saman med Håkon, dagleg leiar i kyrkja,
og nokre frivillige, har dei blese liv
Pizzakveldane.

Dei var spente på kor
mange som ville kome.

– Me hadde vore nøgde



om me fekk 20 påmeldingar, men det kom 68,
smilar Praxedes.

Pizza og drikke blei bestilt, og klokka 16.30
fyltest stolane med store og små, unge og
vaksne.

Tanken er at det skal vere eit lågterskel tilbod,
med fokus på det sosiale og fellesskapen. Her
er alle velkomne.

– Me ønsker å ha Pizzakveldar som eit tilbod i
kyrkja framover, og kjem til å annonser
datoar på facebook. Så det er berre å følgje
med der, seier Praxedes.



Saman i kyrkjelyden

Ein kan kalle det så mangt: smågruppe, huskyrkje, småfellesskap, fokusgruppe, bibelgruppe. Poenget er å kome saman på ein avslappa og kvardagsleg måte, og få samtalar om liv og tru. Noko som gir påfyll og meinung.

Tekst og foto: Siv H. Undheim

Saman med presten vår, Nadine Vaagen, ønsker dagleg leiar og kyrkjelydsutviklar Håkon Rettedal Losvik, å løfte fram moglegheita til vere med i ei gruppe og bli ein del av eit åndeleg fellesskap.

– Det er mange gode grunner til å at vi vil sette sokelys på smågrupper. Det er ein måte å arbeide mot visjonen vår, som er å møte nye venner, søkje Gud og få del i oppdraget. Eg har sjølv gode erfaringar med å vere med i ei slik gruppe, seier Håkon.

Fleire grupper

Slike grupper kan ha ulikt fokus og opplegg. Det kan vekse naturleg fram etter kva behova og ønska er blant dei som blir med. Håkon og Nadine har snakka om smågrupper både i gudstenester og på eit inspirasjonsmøte denne våren. Ønsket og målet er at fleire kan bli med i grupper, anten i ei som allereie eksisterer, eller starte nye.

Nils Garborg Reiten fekk i oppdrag av Håkon å kartlegge kor mange grupper som finst på Undheim i dag.



Nils og Håkon inviterer til fellesskap.

– Eg har funne fem-seks grupper/huskyrkjer, som legg opp samlingane ulikt. Det kan hende det er fleire. Alle er nok, på ein eller anna måte, innom punkta i visjonen til Undheim kyrkje, seier han.

I huskyrkja han er med i, brukar dei visjonen som utgangspunkt.

– Vi kallar det «innover, oppover, utover». Vi startar innover, med eit enkelt måltid og har ein kort dele-runde om korleis vi har det for tida (møta nye venner). Så har vi fokus oppover, med ulike måtar å søkje Gud. Vi har blant anna hatt Alpha kurs tema, brukt Plussord App, og bibel-tekstar med samtale og spørsmål. Så rettar vi merksemda utover, mot familiane våre, naboar, venner, bygda vår og landet vårt (få del i oppdraget). Vi tenker på om det er nokon vi

kjenner eller veit om som treng vår forbøn eller omsorg for tida. Til slutt avsluttar vi med å be kort for det vi har snakka om. Vi nyttar ofte stille bøn, eller at dei som vil, ber ei kort bøn høgt, fortel han.

– Kari og eg har i alle år valt å vere med i eit huskyrkjefellesskap, og vi er veldig glad i huskyrkja vår. Livet gir oss alle både gode og vanskelege dagar. Då er det godt å treffast, snakke saman og vise omsorg, både for kvarandre og for nærmiljøet gjennom nærvær og bønn.

Er du interessert?

Ta kontakt på epost:
hi366@kirken.no
eller via
QR-koden



Kva skjer i kyrkja?

Gudstenester

- 13.04** Gudsteneste
20.04 Høgtidsgudsteneste
27.04 Gudsteneste
11.05 Konfirmasjonsgudsteneste
17. 05 Gratulerer med dagen
09.06 Gudsteneste

Babysong

- 23.04
07.05
21.05
04.06

Supermix

- 22.04
06.05

Open kjeller

- 23.05
13.06

UKUF

- 24.05
07.06

Grøn dag

03.05

Kveldsmøte

25.05

Diakon Praxedes kjem til å vere i Undheim kyrkje på faste tider denne våren og sommaren. Ho er tilgjengeleg for både formelle og uformelle besøk.
Datoar for våren 2025, kl. 10:00 – 15:00:

23 og 30. april, 7. 14. og 28. mai, 4. 18. og 25. juni, 2. juli.

Velkommen innom for ein prat.

Me har fått nye e-postadresser (dei gamle vil fungere ei god stund framover):

Nadine: NV744@kirken.no

Praxedes: PS453@kirken.no

Ingfrid: IN754@kirken.no

Håkon: HL366@kirken.no

undheim.soknerad@kirken.no

Følg oss på Facebook eller sjekk
www.undheimkyrkja.no/Kalender


Velkommen i kyrkja!



Barnas



LABYRINT
Hjelp Maria
å finne
vegen til
grava.



Oppgave 3

FARGELEGG biletet av Jesus som viser seg for Maria etter at han døydde og stod opp att.



Teikning: Chiara Bertelli

Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

אכָל קְרַבָּלָה

כְּבָדָלָה

Vitsar:

- Du luktar så godt i dag.
Kva har du teke på deg?
- Reine sokkar.

Det mystiske agentalfabetet:

א	ב	כ	ד	ג	ה	ו	ז	ח	י	ע	ל	מ	נ	ו
פ	ר	ס	ט	ו	ע	מ	ל	ב	ה	צ	ז	א	י	א



Har du hørt om han som sov så tungt at senga knekte?



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!
Desse oppgåvane er henta frå bladet.
Bestill abonnement
på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Sondagsskolen - mer enn du tror

Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

		Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no
Johns. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim		Høiland & Tveit BetonEntrepreneur
Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no	 Bryne Rør AS	 Møllerivegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51798579 www.ahbygg.no
Sjekk Punkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no		JKE Transport JAN KARSTEN EGELAND TRANSPORT AS
 Preben Undheim mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no		UNDHEIM HANDELSLAG   undheim@coop.no - Tlf. 51 77 96 60 Landbruksavdeling tlf. 51 77 96 70
		NOVA BEGRAVELSESBYRÅ
		 www.traktoroglandbruk.no
TOM REE MASKIN		